

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/244-3

## **Fylkeskommunal prioritering av statlege tilskot til kommunale fiskerihamnetiltak 2018**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkeskommunen meiner at begge søknadane frå Sogn og Fjordane er gode og viktige for å sikre og vidareutvikle fiskerirelaterte arbeidsplassar i fylket, og at dei er i tråd med mål i regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane.
- 2 Ut frå vurderingar som kjem fram i saka gjer fylkeskommunen følgjande prioritering:
  - 1) Herlandsvik, Askvoll kommune
  - 2) Trollebø, Vågsøy kommune
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune vil vidare be Kystverket om at begge tiltaka vert sett opp på den nasjonale prioriteringslista for 2018. Vi merker oss at Sogn og Fjordane er særleg dårleg representert på lista som syner tilskot som er gjeve i perioden 2005-2017.

### **Vedlegg: 0**

### **Andre relevante dokument i saka:**

- 1 Brev frå Kystverket der dei ber fylkeskommunen prioritere mellom søknadane
- 2 Søknad med vedlegg frå Askvoll kommune
- 3 Søknad med vedlegg frå Vågsøy kommune
- 4 Liste frå Kystverket for tilskot til fiskerihamnetiltak 2005-2017

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Fylkeskommunen har fått oversendt dei to søknadane Kystverket har fått i 2018 frå kommunar i Sogn og Fjordane i samband med utlysing av statlege midlar til prosjekt eller infrastruktur i kommunale fiskerihamnar (statsbudsjettet sitt kap. 1360 post 60). Fylkeskommunen er bedt å gje uttale med prioritering mellom søknadane med bakgrunn i det næringsmessige potensialet for søknadane. Svarfrist er 1. juni 2018.

Fiskeridirektoratet region Vest er beden om å gjere tilsvarande vurderingar som fylkeskommunen. Dei gjev også ei samla prioritering av alle søknadane innanfor sitt geografiske område (Sogn og Fjordane og Hordaland). Det vert sendt inn separate uttaler frå fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet, men vi har hatt kontakt med Fiskeridirektoratet undervegs i arbeidet.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Tilskotsordninga er eit verkemiddel for å realisere fiskerihamnetiltak som kommunane ser som samfunnsøkonomisk viktige, men som er så kapitalkrevjande at dei vanskeleg let seg gjennomføre utan statlig støtte. Tilskota krev kommunal eigenfinansiering av minst 50 prosent av prosjektkostnadane, samtidig som finansiering krev søknadshandsaming i både kommune, fylkeskommune og statlege organ. Tilskot kan tildelast både som løyving innan budsjettåret og som tilsegn om stønad for neste budsjettår. Kystverket krev at kommunalt vedtak om finansiering ligg føre før det vert inngått ei avtale om tilskot.

Tiltak som vert støtta er:

- Liggekaier (faste liggekaier/flytende liggekaier)
- Utrustnings-/servicekaier
- Losse-/lastekaier
- Molo
- Utdjuping
- Bølgjedempar

I Sogn og Fjordane har det kome inne søknad frå Vågsøy kommune om bygging av fiskerikai på Trollebø og frå Askvoll kommune om utdjuping av kai i Herlandsvik fiskerihamn.

Sakshandsamar har hatt kontakt med begge søkjarane for å betre kunne opplyse saka.

Ut i frå oversikta over tilskot til fiskerihamnetiltak 2005-2017 (sendt frå Kystverket på oppmoding) ser vi at Sogn og Fjordane har fått tiltak finansiert (4 ut av om lag 200 tiltak). Desse er:

År	Kommune	Lokalitet	Grunnlag (x1000)	Tildeling (x1000)
2005	Flora	Søre Nekkøy	1 488	650
2011	Bremanger	Kalvåg	38 250	9 750
2014	Askvoll	Herlandsvik	26 200	13 100 <sup>1)</sup>
2015	Flora	Florø kai	13 537	3 328

<sup>1)</sup> Tilsegnet er trekt attende, sjå grunnngjeving i saka

### **Søknad 1: Bygging av fiskerikai på Trollebø**

Kommunen søkjer om eit tilskot på 10 mill. kr. som er omlag 40 % av dei kalkulerte kostnadane. Tiltaket er i samsvar med vedtekne arealplanar.

Sidan 2000 har det vore arbeidd med å flytte fiskeindustrien ut frå Måløy sentrum og ut til Trollebø. I samband med å ferdigstille Trollebø med opparbeiding av siste ledig areal, og forbetre logistikk for fiskeriflåten, ynskjer ein å forlenge eksisterande kai med 76 m, for å auke kapasiteten på den eksisterande fiskerikaia. Kaia skal nyttast til ventekai, lossing og lasting, samt service for fiskeflåten. Ho ligg tett til pelagisk mottak og til hovudleia. Næraste etablerte bedrifter er Pelagia AS og Selstad AS.

Følgjande budsjett (eks. mva) og finansieringsplan er lagt til grunn for søknaden:

A	Faste kaier	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
	Byggeplasskostnader/rigg (ca 12%)	2.220.000.-	Vurderes a)
	Fylling	2.760.000.-	0 (vurderes) b)
	Plastring under kai	650.000.-	100 %
	Peler/spunt/celler	4.800.000.-	100 %
	Dekke med dragere	5.060.000.-	100 %
	Friksjonsplate/forankring/overgangs -plate	3.050.000.-	100 %
	Skjørt (fendervegg)	510.000.-	100 %
	Pullere/fendere	460.000.-	100 %
	Lovpålagt redningsutstyr/belysning	625.000.-	100 %
	Strøm fram til kai	150.000.-	0
	Vann og avløp	200.000.-	0
	Øvrige entreprisekostnader Grunnarbeider	640.000.-	Vurderes c)
	Sum entreprisekostnader eks mva	21.125.000.-	
B	Kapitalkostnader	555.000.-	0
	Uforutsett (maks 15 % av A) (ca 8%)	1.700.000.-	Vurderes
	Planlegging/prosjektering (maks 10 % av A) (ca 6,5%)	1.350.000.-	
	Samlet kostnad ekskl. mva	24.730.000.-	

#### Totalt kostnadsoverslag

Beskrivelse	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
Faste kaier	24.730.000.-	23.825.000.-
Utdyping		
Flytekaier		
Molo		
Total kostnad eks mva	24.730.000.-	23.825.000.-

Kommunen opplyser at prosjektet vil bli innarbeidd i økonomiplan 2018-2021.

#### **Søknad 2: Utdjuping av kai i Herlandsvik fiskerihamn**

Kommunen søker om eit tilskot på kr. 1,1 mill. kr. som er 50 % av dei kalkulerte kostandane. Tiltaket er i samsvar med vedtekne arealplanar.

Herlandsvik fiskerihamn vart utmudra av Kystverket i 2013. Kaia vert nytta fast av 3 båtar på Atløy, og det er notlager i tilknytning til kaia. Kommunen peikar på at arbeidsplassar knytt til dei lokale fiskeriverksemdene er svært viktige for Atløysamfunnet. I samband med investering i større ringnotbåt er det no trong for utmudring for å sikre tilflot til fiskerihamna. Dette vil i følge kommunen vere eit framtidretta tiltak i samsvar med det overordna ynskje når det vart gjennomført utmudring i 2013.

Følgjande budsjett (eks mva.) og finansieringsplan er lagt til grunn for søknaden:

Riggkostnad	300 000
Grunnundersøking	120 000
Mudring ca. 700 m <sup>3</sup>	500 000
Sprenging ca. 500 m <sup>3</sup>	1 000 000
Uføresette kostnadar	80 000
Prosjektering, leing	200 000
Samla	2 200 000

Kommunen opplyser at dei har arbeidd med samla finansiering for tiltaket og det vert sett av midlar på investeringsbudsjett 2019 til dette.

#### **Vurderingar**

Måløy er eit sterkt fiskeri- og maritimt senter i fylket og tiltaket vil vere viktig for vidare utvikling av fiskerirelatert næringsliv. Måløy har eit rikt og mangfaldig fiskerirelatert næringsliv som fylkeskommunen meiner er viktig i regional og nasjonal samanheng. Det omsøkte prosjektet er ei siste utbygging av eit marint næringsareal som har vore utvikla gjennom fleire år. Kommunen sjølv prioriterer dette tiltaket høgare enn for tidlegare omsøkte tiltak i Barstadvika, der ein dei to siste åra ikkje har lukkast med å få tilskot.

Fylkeskommunen finn også at denne søknaden er godt i samsvar med fiskerifagleg forankring. Store deler av kaianlegget på Trollebø er internasjonal kai, og det er såleis ikkje tilgang til denne for fiskeriflåten. Tidlegare fiskerikai i Måløy sentrum vart gjort om til ordinær kai, og er såleis tilgjengeleg for alle, ikkje berre fiskebåtar. I *Kommuneplan for Vågsøy 2013-2025* har ein m.a. (under *attraktive arbeidsplassar*) som satsingsområde at kommunen skal ha ei aktiv tilretteleggarrolle, og at utvikling av både nytt og eksisterande næringsliv er viktig. Fylkeskommunen finn at etablering av ei fiskerikai på Trollebø vil vere eit viktig element for sikring og vidareutvikling av fiskerinæringa i kommunen og regionen.

Ei vidare utdjuving av hamna i Herlandsvik vil oppgradere hamna slik at den er funksjonell for bruk for nybygde, større fiskerifartøy. Tiltaket vil slik bidra til å oppretthald arbeidsplassane og aktivitetsnivået i hamna, og til at ein også vidare kan utnytte eksisterande kai og lageranlegg.

Søknaden er ikkje blant dei som kan skilte med dei høgste tala når det gjeld direkte berørte fiskarar, men like fullt speglar den kor viktige dei små, lokale fiskerirelaterte samfunna er for sysselsettinga langs kysten i fylket. Her kan ein relativt avgrensa økonomisk støtte betyr eit vere eller ikkje vere for eit sårbart kystsamfunn.

Det marine næringslivet er viktig for Askvoll kommune. Ei utmudring vil vere eit heilt naudsynt tiltak for å oppretthalde og vidareutvikle fiskeria i kommunen. I samfunnsdelen av kommuneplanen for Askvoll kommune er tilrettelegging for fiskeri og andre marine næringar sett opp som ein strategi under målet om «*å arbeide for å styrke og utvikle næringar innanfor dei områda vi har naturlege føresetnader for å lykkast med*» (kap. om næringsutvikling). Under kapittelet om samferdsel og kommunikasjon er eit av måla å sikre at varetransport inn og ut av kommunen er mest mogleg effektiv og det og «*sikre gode hamner og kaier*» er strategi under dette målet. Tiltaket er slik sett godt forankra i kommunen sine planar for utvikling.

Kystverket opplyser at Askvoll kommune fekk midlar frå Kystverket til fiskerikai i Herlandsvik i 2014, men at Askvoll kommune ikkje finansierte sin del og tilsegnert vart trekt tilbake. Askvoll kommune opplyser at årsaka til dette var at det tidlegare omsøkte prosjektet var ein del av utbygginga av industriområde ved krabbefabrikken, men at utbygginga vart stogga av bedrifta og det difor ikkje lenger var mogleg å realisere bygging av dette tiltaket.

Utdjuvingsprosjektet som er søkt delfinansiert i Herlandsvik i år, er såleis eit heilt anna tiltak enn det som var søkt om i 2014.

Sogn og Fjordane Fiskarlag er førespurt i denne saka og har, etter kontakt med sine lokallag, tilrådd denne prioriteringa:

- 1) Herlandsvik, Askvoll kommune
- 2) Trollebø, Vågsøy kommune

#### **4. Konklusjon**

Det er i år to gode søknader frå Sogn og Fjordane som skal leggest til grunn for fylkeskommunen si prioritering.

Fylkeskommunen finn at begge søknadane er i tråd med mål og prioriteringar i *regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane*, der Sjømatnæringane er ei satsing for fylket. Vi ynskjer der å sikre og auke tal arbeidsplassar knytt til marine næringar.

I storleik og omfang er søknadane ulike, der tiltaket frå Askvoll er mindre i både omfang og kostnad. Likevel er dette tiltaket absolutt naudsynt for å oppretthalde arbeidsplassane og at kommunen, bygda og næringsaktørane kan ta del i verdiskapinga basert på fiskeriressursane. Ei naturleg fornying av fiskeriflåten med overgang til større båtar krev at ein er sikra tilflot i den eksisterande fiskerihamna.

Tiltaket frå Vågsøy kommune er viktig for å gje fiskerinæringa eigen kaiplass og å auke kapasiteten på eksisterande hamn. Det liten tvil om at Måløy og Trollebø er viktig både i regional og nasjonal fiskerisamanheng. Som ei komplett servicehamn og med kort avstand til fleire fiskerirelaterte bedrifter vil tiltaket kunne sikre eksisterande arbeidsplassar og på sikt også kunne utløyse fleire gjennom kapasitetsauka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer, med utgangspunkt i denne vurderinga, følgjande prioritering, men ynskjer at begge tiltaka får høg nasjonal prioritering:

- 1) Herlandsvik, Askvoll kommune
- 2) Trollebø, Vågsøy kommune

Dette er i samsvar med prioritering både frå Sogn og Fjordane Fiskarlag og Fiskeridirektoratet region Vest.